




Regionsenteret



Oppvekst



Næring og samferdsle



Skulesenter



Natur og fritid

Kommuneplan - samfunnssdelen 2010-2022 Med planstrategi




Sogndal kommune

Vedteken i kommunestyret 21.10.2010

Innhold

Del I: Innleiing	2
Innleiing	3
Planprosess og plansystem	3
Oppbygging av samfunnsdelen	4
Del II: Temaark	6
Regionsenterutvikling	7
Næringsutvikling og infrastruktur	10
Sogndal som skulestad	13
Natur, kultur og fritid	16
Gode bu- og oppvekstvilkår	20
Del III: Arealforvaltning	23
Forholdet til arealdelen	24
Del IV: Planstrategi	27
Planstrategi	28
Status og behov for planar	28



DEL I : INNLEIING

Innleiing

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal syne kommunen sin visjon for framtida. Føremålet er å trekke opp visjonar og mål for kommunen; korleis vi meiner at vi kan skape eit best mogleg samfunn og korleis innbyggjarar i kommunen kan få best mogleg liv – både i vår tid og for generasjonar som kjem etter oss.

Det er gjennom ei årrekke utvikla ein Sogndalsmodell som legg ramme for kommunen som samfunn og som organisasjon. Den seier noko om visjonen – kva vi vil. Den seier og noko om grunnleggjande verdiar og strategiar for å søkje å nå visjonen. Visjonen for kommunen er :

Fleir innbyggjarar og auka trivsel i Sogndal

Vi har tru på at gjennom samarbeid får vi ting til. Vi har mange gode døme på slike tiltak, og ønskjer å halde fram samarbeidet med og mellom ulike aktørar. Samarbeidet gjev eit eigarskap til bygda og ein stoltheit av det vi får til. Vi byggjer vidare på verdien:

Gjennom samarbeid får vi ting til

Vi ønskjer å kommunisere dette med kortforma:

Bli med på laget!

For kommune som organisasjon vert det lagt vekt på å vere endringsvillige og endringsdyktige, slik at vi er i forkant av utviklinga. Det inneber at:

- tenestene vi yter skal best mogleg tilpassast brukarane sine behov
- administrasjon og drift skal vere effektive, slik at ressursar vert frigjort til utviklingsarbeid
- kommunen skal ha ein sunn økonomi og halde oppe eit økonomisk handlingsrom

- vi skal vere opne og lyttande, demokratiske og avgjersleeffektive
- vi skal ha eit arbeidsmiljø prega av ansvar, respekt og omtanke.

Skal vi ha ein leveringsdyktig organisasjon både innafor forvaltning og tenestyting er det avgjerande viktig å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar.

Planprosess og plansystem

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel starta opp hausten 2009 ved at det vart laga eit planprogram.

Planprogrammet fungerte både som retningslinje for kva planen skal innehalde og som faktadel. Formannskapet la i møte 26.11.2009 sak 62/09 ut planprogrammet på høyring.

Kommunestyret vedtok endeleg planprogram i møte 11.2.2010 sak 4/10.

På bakgrunn av eit administrativ førearbeid har formannskapet handsama utkast til kommuneplan – samfunnsdel. I denne prosessen har det også blitt halde temamøte i kommunestyre, med følgjande tema:

- folkehelse for alle (11. feb. 2010)
- regionsenterutvikling (29. april 2010)

I april vart det og arrangert eit by- og tettstad forum, Botsfor, for Sogndal sentrum i lag med Statens vegvesen. På forumet deltok både næringslivet, organisasjonar, eldrerådet og ungdomar, i tillegg til Statens vegvesen/Vegdirektoratet og politisk og administrativt nivå i Sogndal kommune.


I arbeidet med kommuneplanen har vi vore i dialog med eldrerådet, rådet for funksjonshemma, ungdomsrådet og vi har hatt møte med skulane i Sogndal (vidaregåande skule, folkehøgskulen og høgskulen). I tillegg har Sogn næring gjeve innspel aktive til delar av planarbeidet og regionsenterutvikling var tema på ein konferanse

arrangert av Sogn regionråd og Sogndal kommune for alle formannskapa i Sogn regionråd.

Formannskapet er ansvarleg for å utarbeide framlegg til kommuneplan og hører dette. Kommunestyret vedtek planen.

Plansystem

Plansystemet i Sogndal kommune er bygd opp slik som skissa under viser. Kommuneplanen ligg som overordna styringsdokument.



Økonomiplanen er det viktigaste operative styringsdokumentet i kommunen, og inneholder alle styringssignal frå kommunestyret. Desse kan vere nærmere grunnlag og utdypa i temaplanar.

Arealplanen og reguleringsplanar er juridisk bindande for arealbruken i kommunen. Gjeldande arealplan vart vedteken i kommunestyret 12.6.2008.

Reguleringsplanar vert handsama i forvalningsutvalet og vedtekne i kommunestyret. Kommuneplan og temaplanar vert handsama i formannskapet og vedtekne i kommunestyret.

Oppbygging av samfunnssdelen

Vi har valt å dele inn planen i fire ulike delar. Den første delen er ein kort innleiing av planen og planarbeid.

Andre delen inneholder hovudmål, delmål og strategiar innafor følgjande fem område:

- regionsenterutvikling
- natur, kultur og fritid
- næringsutvikling og infrastruktur
- Sogndal som skulestad
- gode bu- og oppvekstvilkår.

For å ha ein tydeleg kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen har vi valt å synleggjere kva rammer samfunnsdelen har for arealdelen i del tre. Denne delen vil ligge til grunn for neste revisjon av arealdelen.

I samband med utforming av samfunnsdelen har vi også sett på status for eksisterande planar og behov for nye planar. Siste del utgjer difor planstrategien for kommunen.

I planarbeidet er det lagt vekt på følgjande tverrgående tema:

Samfunnssikkerheit

Systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid handlar både om tiltak for å førebyggja uønska hendingar og om det om å kunna ta hand om hendingar og situasjonar som truar liv, helse,

miljø og viktige samfunnsverdiar, og som krev ekstraordinær innsats¹.

Erfaringar frå alvorlege ulukker, katastrofar og svikt i samfunnsviktige system har vist at samfunnet i mange høve ikkje er godt nok førebudde på å handtera denne type situasjonar. Med auka bruken av ulike transportmiddel, oftare ekstremver og eit samfunn som i stadig sterkare grad er avhengig av ulike teknisk infrastrukturar er det viktig å vera førebudde på krisesituasjonar. Både medietrykket og befolkninga sitt behov for informasjon kan bli stort når ein står i krisesituasjon, og informasjonshandtering er ein viktig del av kriseberedskapen. Vi har planverk for krisehandtering og informasjonshandtering.

Omsynet til samfunnstryggleiken skal innarbeidast i all arealplanlegging, og planarbeidet er difor eit viktig styringsverktøy for å førebyggja tap av liv, helse og materielle verdiar. Ved rullering skal analysane gjennomgåast slik at ny kunnskap t.d. om potensielle fareområde og verknader av klimaendringar vert teke omsyn til.

Det er og lovfesta fagspesifikke ROS-analysar, t.d. innan vatn og avløp, brannvesen og knytt til sosial- og helseberedskap.

Miljø

Miljø er eit tverrgåande tema som vi vektlegg i kommunen. På kvart temaark har vi synleggjort temaet med ein eige rute som sett premissar for delmål og strategiar. Grunnleggjande føresetnad for kommuneplanen er eit berekraftig samfunn, basert på naturen si tolegrense og føre-var-prinsippet. Klima- og energiplanen, som vart vedteken i 2009, ligg til grunn for tenkinga innafor klimagassutslepp og klimatilpassing.

¹⁾ Endring i Sivilforsvarsloven om kommunal beredskapsplikt iverksett 1.1.2010.

Folkehelse



Vi skal vere ein av dei fremste kommunane i landet på fysisk aktivitet og folkehelse. For lite fysisk aktivitet, ugunstig kosthald og rusmiddelbruk er døme på årsaker som medfører at mange pådreg seg livsstilssjukdomar eller vert ramma av sjukdommar tidigare enn dei elles ville verte ramma. Trygdeutbetalingar er høge og mange fell utanfor arbeidslivet. Ved å tenkje førebyggjande ønsker vi få eit friskare samfunn.

Sosiale ulikskapar fører til helsekilnader mellom ulike grupper i samfunnet. Undersøkingar visar at grupper med låg utdanning og låg inntekt har høgare dødelegheit enn dei med høgare utdanning og inntekt. Vi bør arbeide for å jamne ut dei sosiale skilnadene.

Sjølv om utfordringane er mange, så er det moglegheit å oppnå resultat. Det viktige er at folkehelse ikkje berre vert omtala innafor helsesektoren, men at det vert eit tverrgåande tema. Helsefremmende tiltak som gjer at innbyggjarane sjølve tek større ansvar for eige fysisk og psykisk helse, vil verka positiv både for den einskilde og for samfunnet.

Inkluderande samfunn

Vi seier at i Sogndal kommune skal det vere godt å bu, leve og vekse opp for alle innbyggjarar. For å leve opp til dette må vi vere eit inkluderande samfunn. Det å ha ein meiningsfull jobb å gå til, det å trivast på skulen, å oppleve seg inkludert i fritidsaktivitetar og vere del av eit godt sosialt fellesskap, fremmar trivsel og positiv utvikling. Motsatsen kan forsterka problem eller frårøve mange mennesker moglegheiter som dei fleste opplever som ein naturleg del av kvardagen. Å skape arenaer for inkludering på mange plan er difor ei viktig samfunnsoppgåve. I planlegging og utbygging er t.d. universell utforming eit sentralt omgrep som vi skal jobbe etter.



DEL II: TEMAARK

Regionsenterutvikling

Sogndal er regionsenteret i Sogn. Sogn har etter kvart utvikla seg som ein felles bu- og arbeidsmarknad. Samla bur det i underkant av 28 000 menneske i Sogn. Eit sterkt regionsenter vert av mange vurdert som ein naudsnyt føresetnad for å halde oppe og auke folketalet i regionen. Gode regionsenterfunksjonar i Sogndal vil for mange verksemder og innbyggjarar også i omlaget rundt regionsenteret vera viktige føresetnader for vekst og utvikling. Eit regionsenter skal fungere som ein motor i utviklinga og ein brems mot større sentralisering. Regionen er avhengig av eit konkurransedyktig regionsenter i vekst. Regionsenteret er på same måte avhengig av nabokommunane for si utvikling.

Sogndal kan og bør styrkja seg som regionsenter, og dette er ei overordna politisk målsetjing. Eit sett av tiltak og verkemiddel kan bidra til det. Utviklinga av eit meir urbant tilbod i regionsenteret som har skote fart dei seinare åra, med utbygginga på Fosshaugane campus, utbygginga av sentrumsparken, opninga av standsona bør halde fram. Vidare bør det leggjast til rette for auka handel i Sogndal sentrum og stoppe handelslekkasjen. Fleire kompetansearbeidsplassar bør lokaliserast til regionsenteret, m.a. nye statlege arbeidsplassar.

Næringsapparatet lokalisert til regionsenteret, med Distriktsenteret, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sogn Næring kan bidra med kompetanse i arbeidet med regionsenterutviklinga. Det same gjeld HSF og Vestlandsforskning. Styrking av desse verksemndene vil også i seg sjølv vera positiv for utviklinga av regionsenteret.

Kommunesamarbeid - kommunesamanslåing

Større kommunale eininger, enten som følge av samanslåing eller interkommunalt samarbeid gjev større eininger som lettare kan trekka til seg å halde på kompetent arbeidskraft. Kompetent arbeidskraft vil vera ein føresetnad for gode og stabile tenester.

Sogndal kommune deltek i om lag 35 ulike interkommunale samarbeidsordningar, frå tokommunesamarbeid til samarbeidsordningar som dekkjar nesten heile fylket. Dei ulike samarbeidsordningane krev ulikt omfang. Kommunen vil også i framtida vera positiv til nye samarbeidsordningar dersom dette gjev betre tenester for innbyggjarar i kommunen og regionen. Ein føresetnad for å starte opp nye utgreiingsarbeid er at dei deltagande kommunane gjer tydelege vedtak og viser vilje til gjennomføring av interkommunale ordningar. Kommunen er og positiv til samanslåing med Leikanger kommune og Luster kommune.

Regionalt kulturtilbod

Eit allsidig kulturtilbod er ein viktig regionsenterfunksjon. Sogndal kulturhus er einaste stoppestad for Riksteateret, Rikskonsertane og Bergen Filharmoniske Orkester i regionen. Kinoen i kulturhuset er landskjent. Meieriet er ein nasjonalt omtykt arena blant musikar, og har eit variert tilbod av artistar og sjangrar. Sognahallen og Sogndal Fotball representerer regionale idrettstilbod, og merkevare for Sogndal. Kulturtilbodet i regionsenteret bør utviklast vidare, m.a. ved meir kunst og kultur i sentrumsbilde og auka breidd i det fleirkulturelle kulturtilbodet.

Verkskommune, handels-, skule- og tenestesenter

Med eit tett og triveleg sentrum har Sogndal moglegheit for å vera det beste handels- og servicesenteret i fylket. Vi har potensial for å styrke Sogndal som handelssenter ved å redusere handelslekkasjen. Å vidareutvikla eit kvalitativt fint sentrum vil vera ein sentral føresetnad for det. Vi skal vurdere bruk av sentrumsnære eigedomar som t.d. billagstomten. Vidare ligg det potensial i å utnytte den sjønære plasseringa av regionsenteret betre enn i dag.

Kommunikasjonar

Mange ulike kommunikasjonar har knutepunkt i Sogndal. Vegnettet har hatt ei rivande utvikling, og Sogndal ligg no i krysset mellom to

stamvegar. Gode kommunikasjonar til/frå regionsenteret er ein viktig føresetnad for vidareutvikling av regionsenteret og for utvikling av felles bu- og arbeidsmarknad i regionen.

Regionsenterutvikling

Hovudmålsetjing:	Sogndal skal vere eit regionsenter, der vi i Sogndal sentrum skal vi utvikla funksjonar, tenester og tilbod som styrker regionen, og gje ei positiv folketalsutvikling og auka trivsel.				
	<p>Miljø Kommunen vil arbeide for å utvikle regionsenteret i berekraftig retning, særlig når det gjeld samordne transport- og arealplanlegging, reduserte klimagassutslepp og effektiv arealutnytting</p>				
Delmål:	Regionalt samarbeid Vera pådrivar for eit omfattande regionalt samarbeid	Regionalt kulturtildob Eit breitt regionalt kultur- og opplevelingstilbod	Handel/ service Det beste handels- og servicesenteret i fylket	Kommunikasjon Eit godt og samordna kommunikasjonsknutepunkt for reisande på land, sjø og i lufta	Regionsenterfunksjonar Fleire og bedre tilbod og tenester for regionen
Strategi:	Regionalt samarbeid <ul style="list-style-type: none"> ▪ Leggje vekt på å arbeide gjennom regionrådet i saker som gjeld heile regionen ▪ Bidra aktivt i arbeidet med regional utviklingsplan i Sogn regionråd. ▪ Tilby gode sekretariats-tenester for regionrådet. ▪ Styrke regionsenterarbeidet mot Førde og Florø ▪ Utvide samarbeidet om tenester og forvaltning med Leikanger, Luster, Vik, Balestrand, Årdal, Lærdal og Aurland. ▪ Vi er positive til kommunesaman-slåing med Leikanger og Luster. 	Regionalt kulturtildob <ul style="list-style-type: none"> ▪ Leggje til rette for etablering av regionale tilbod innan kultur og idrett ▪ Trygge Sogndal sin posisjon som spelestad for Riksteateret, Rikskonsertane, og BFO ▪ Styrke kunst og kulturuttrykket i Sogndal sentrum ▪ Styrkja det fleirkulturelle tilboden innan kultur og religion. ▪ Bidra til eit breitt kulturtildob for born og unge, gjennom m.a. Kulturspiren, Ungdomsrøra og Veka ▪ Sikre og styrke kulturhuset som regionalt kultursenter 	Handel/ service <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vidareutvikle eit tett og triveleg sentrum, med sentrumspark og minst mogleg overflateparkering. ▪ Orientere sentrum mot sjøen, og gjøre strandlinja tilgjengeleg for allementa ▪ Sikre attraktive lokaliseringsalternativ for offentlege og private verksemder. ▪ Styrke handelssenteret ved m.a. å støtte opp om samlokalisering av bransjar ▪ Fremja sentrumsfunksjonar gjennom plan-, regulering- og infrastrukturarbeid. 	Kommunikasjon <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styrka knutepunktrolla til Sogndal. ▪ Arbeide for eit godt regionalt busstilbod til/frå regionsenteret ▪ Arbeide for å betra ekspressbuss-tilboden og tilbringarruter til fly og båt ▪ Arbeide for å auka regularitet, frekvensen og kapasitet på flytilboden ved Sogndal lufthamn ▪ Oppretthalde frekvens på snøggbåtruta til Bergen ▪ Arbeide for eit breidband med tilfredsstillende kapasitet for næringslivet. ▪ Arbeide for auka frekvens på ferjene i Balestrandregionen 	Regionsenterfunksjonar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Utvikle potensiale i på Fosshaugane Campus innafor kunnskapsbaserte arbeidsplassar og utvida teneste- og servicetilbod. ▪ Bidra til utvikling av eit regionalt helsetilbod ved ISP, helsecenteret og Sogndal omsorgssenter og Campus helse ▪ Ivareta rolla som vertskommune for prostiet i indre Sogn

Næringsutvikling og infrastruktur

Vi har som mål å leggje til rette for ein infrastruktur, og vere aktør og samarbeidspartner i arbeidet med å utvikle eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv. Utviklinga skal vere miljøvenleg og basert på naturen si tolegrense.

Næringsarbeid

Næringslivet er og skal vere eit høgt prioritert satsingsområde. For å styrke arbeidet med næringsutvikling både i kommunen og samarbeidet med andre kommunar eig vi i fellesskap med næringslivet i Sogndal selskapet Sogn Næring. Selskapet har følgjande oppgåver:

- etableringsrettleiing
- etablere og vedlikehalde nettverk mellom næringsverksemder og offentlege instansar
- kompetanse om og kontakt med det regionale statlege næringsapparatet
- vertskap for inkubator
- i samråd med kommune ta del i større utviklingsprosjekt
- marknadsføre kommune og regionen som lokaliseringsstad for verksemder/ arbeidsplassar
- handsame søknader til det kommunale næringsfondet

Nyetablering

Gjennom Sogn Næring skal vi aktivt arbeide for å hjelpe nyetablerarar. Det skal skje gjennom samarbeid med m.a. Innovasjon Noreg as, Kunnskapsparken og HSF.

Sogn Næring skal saman med Kunnskapsparken støtte verksemder som kjem inn under inkubatorordninga, at dei vert lokalisert same stad, slik at dei også kan hente ut synergieffektar av miljøet som er skapt rundt Fosshaugane Campus.

Etablert næringsliv

Vi skal vere samarbeidspartner for etablerte verksemder. Her er Sogn næring eit viktig bindeledd, og vi skal gjennom selskapet skape møteplassar og initiere møte mellom aktørar i næringslivet. Sogn Næring som første linje teneste og Kunnskapsparken som andre linje teneste skal i fellesskap utføre rådgjevande og operative funksjonar i skjæringsfeltet mellom næringsliv, finans, utviklingsmiljø og offentleg verkemiddelapparat.

Med grunnskule, vidaregåandeskule, folkehøgskule og høgskule er skuledrift ei stor og viktig næring i kommune. Skulane sysselset mange og dei forsyner regionen med utdanna arbeidskraft. Skuler med spesialisert kunnskap kan vere med å høye kunnskapsutviklinga i regionen og trekke til seg andre kompetansearbeidsplassar.

Landbruket har vore gjennom store endringar dei siste 150 åra. Landbruket er ei viktig næring i kommunen. Vi skal arbeide for ein bruksstruktur som er berekraftig over tid, noko som inneber betre samsvar mellom den som eig og den som driv jorda, og eit styrka arealgrunnlag på bruka. Vi skal også leggja til rette for å utnytta moglegheita i mangesysleriet. Landbruk pluss er ei rettesnor for modernisering og nye strategiar for landbruksnæringa.

Den største industrien i kommunen står næringsmiddelverksemndene for. Vi skal arbeide for å sikre drift og vidare utvikling av verksemndene. For å sikre drifta er det også viktig å støtte opp om alle ledd i verdikjeda frå primærproduksjon til foredling. Eit døme er Arenaprogrammet.

Saman med Sogn Nærings vil vi arbeide for å få ein reiselivsorganisasjon for Sogn som kan profilere heile regionen og samstundes stå for den lokale vertskapsrolle og produktutviklinga.

Infrastruktur

Målet er å leggje til rette for eit funksjonelt og tilpassa samfunn for innbyggjarar og verksemder. Vi har lengje arbeidd for å leggje til rette for utbygging av ein sikker, miljøforsvarleg og effektiv veg frå Sogndal til Kaupanger med ny Loftesnesbru og miljølok i Gravensteinsgata supplert med kortsiktige tiltak. All utbygging skal ha fokus på trafikktrygging og tilrettelegging for barn, eldre, funksjonshemma og for mjuke trafikkantar generelt.

I sentrum har vi ein avgiftsbasert parkeringsorden. Alle allment tilgjengelege parkeringsplassar bør inngå i denne. Dette skal vi jobbe vidare med for å sikre. Nye parkeringsplassar i sentrum bør i størst mogleg grad byggjast under bakkeplan eller i parkeringsanlegg. Betre pendlarparkering bør etablerast i tilknyting til skysstasjonen. For å redusere biltrafikken kan kommunen vedta trafikkregulerande tiltak som t.d. øvre og nedre grense for parkeringsdekning i reguleringsplanar.

Utbygging av veg, vatn og avløp, VVA- infrastrukturen, skal medverke til utvikling av næring og bustadar. VA- delen (vatn og avløp) vert i hovudsak finansiert ved gebyrordninga og ikkje gjennom refusjonsordninga. Dette vil bidra til å redusere etableringskostnader.

Vi skal leggje til rette for utbygging av fjernvarme basert på fornybar energi. I Sogndal sentrum har Sognekraft AS fått konsesjon for fjernvarmenett basert på fjordvarme. Vi skal her hjelpe til å få dei beste plasseringsløysingane av vekslar hus og i mest mogleg grad samplanleggje med utbygging av nettet.

Nesten alle innbyggjarane har tilgang på breidband, men det kan bli trong for betre kapasitet. Nettet er eit viktig og naudsynt verktøy i

mange verksemder, og vi skal medverke til utbygginga av fiber næringssliv og innbyggjarar har trong for det.

Utbyggingsmønster

Utbyggingsmønsteret skal styrke Sogndal som regionsenter. Sentrumskjerna skal ha eit mangfold av servicetilbod, aktivitetar og møteplassar. Vi skal binde saman sentrum frå fjorden – Fjøra – Sogningen til Fosshaugane campus. Sogndal skal ha eit tett sentrum der det er gåavstand til dei fleste aktivitetar. For å oppmøde folk til å gå og sykle skal det leggjast til rette for dette. Innafor tettstaden Sogndal skal det vere tettutbygging med fornying og fortetting i utbygde område. Det inneberer at vi må akseptere høgare bygningar og at vi utifrå vurderingar i enkelte høve kan tillate bygningar på inntil ti etasjar. Ei slik utbygging sett strenge krav til utforming av både bygning og nærmiljø. Grøntareal og felles uteareal skal ha stor tyding ved utbygging. Variasjon er eit anna nøkkelord. Spesifikke vurderingar vert gjort i samband med regulering.

For å få til den utbygginga som vi ønskjer, skal vi nytte naudsynte verkemiddel, også oreigning, for til ei kvar tid ha tilgjengeleg, sentrumsnære utbyggingsområde.

I tillegg til utbygging i sentrum skal vi leggje til rette for bustadbygging i Kaupanger, Norane og Fjærland. Utbygginga skal vere lagd til eksisterande buområde. I tillegg er det i arealplanen eit utval av LNF II- område der spreidd utbygging er tillat. Ny utbygging skal ta omsyn til eksisterande infrastruktur og miljøaspektet.

Vi skal utvikle Sogndalsdalen for hyttebygging og senter for vintersport. Utbyggingsmønsteret skal oppretthalde dei kvalitetane som dalen har i dag, og utgangspunkt er den landskapsanalysen som er laga.

Næringsutvikling og infrastruktur

Hovudmålsetjing: Vi skal leggje til rette for ein infrastruktur, og vere aktør og samarbeidspartner i arbeidet med å utvikle eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv

Miljø

Vi skal medverke til ei utvikling som er basert på naturen si tolegrense, redusert klimagassutslepp og hindre ureining av jord, luft og vatn

	Næringsarbeid	Nyetablering	Etablert næringsliv	Infrastruktur	Utbyggingsmønster
Delmål:	Tilrettelegging for næringsverksemder skal leggjast til grunn i heile kommuneorganisasjonen	Vi skal vere medspelar i arbeidet med nyetablering	Vi skal vere samarbeidspartner for etablerte verksemder	Vi skal leggje til rette for eit funksjonelt og tilpassa samfunn for innbyggjarar og verksemder	Vi skal ha eit utbyggingsmønster som styrker Sogndal som regionssenter
Strategi:	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Næringsarbeidet skal ha svært høg prioritet både politisk og administrativt ▪ Vi skal saman med Sogn Næring arbeide for samarbeid med andre kommunar i næringsutviklingsarbeidet ▪ Vi skal arbeide for tettare integrasjon mellom Sogn næring og reiselivsorganiseringa 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vi skal saman med Sogn næring arbeide aktivt for etablering av nye offentlege og private arbeidsplassar ▪ Hjelpe i gang nyetablerarar gjennom samarbeid med Innovasjon Noreg as, Kunnskapsparken og HSF ▪ Vi skal saman med Sogn Næring leggje til rette for nyetableringar basert på lokale ressursar og næringar ▪ Vi skal via Sogn Næring og i samarbeid med Kunnskapsparken utvikle Fosshaugane campus som eit større næringssenter i regionen ▪ Vi skal bidra til å styrke inkubative tilbod 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vi skal gjennom Sogn Næring skape møteplassar for næringsliv, forsking og forvaltning ▪ Vi skal arbeide for ein berekraftig bruksstruktur i landbruket og som utnyttar moglegheita i mangesysleret ▪ Vi skal arbeide for å sikre drift og vidare utvikling av næringsmiddelverksemndene i kommunen ▪ Vi skal arbeide for å opprette praksis- og lærlingepllassar ▪ Vi skal arbeide for å sikre drift og vidare utvikling av skulenæringane ▪ Vi skal saman med Sogn Næring arbeide for ei felles reiselivsorganisering for Sogn 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ leggje til rette for utbygging av ein sikker, miljøforsvarleg og effektiv veg frå Sogndal til Kaupanger ▪ Ha fokus på trafikktrygging og tilrettelegging for barn, eldre og funksjonshemma ▪ Utbygging av VVA-infrastruktur skal medverke til utvikling av næring og bustadar. VA-delen vert i hovudsak finansiert ved gebyrordningar. ▪ Vi skal medverke til utbygging av auka breibandsbredder der næringssliv og innbyggjarar har trong for det ▪ Arbeide for at alle ålment tilgjengelege parkeringsplassar i sentrum inngår i den avgiftsbaserte parkeringsordninga ▪ Vi skal leggje til rette for utbygging av fjernvarme basert på fornybar energi 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Innafor tettstaden Sogndal skal det vere tett utbygging med fornying og fortetting i utbygdde område ▪ Vi skal nytte naudsynete verkemiddel for til ei kvar tid ha tilgjengelege, sentrumsnære utbyggingsområde ▪ Vi skal leggje til rette for bustadbygging i Kaupanger, Norane og Fjærland i tillegg til Sogndal sentrum ▪ Utvikle Sogndalsdalen for hytteutbygging og senter for vintersport ▪ Vidareutvikle industrifeltet på Kaupanger og ha kommunalt næringsareal for sal

Sogndal som skulestad

Sogndal kommune er den kommunen i fylket med breiast tilbod innan opplæring og utdanning. Vi er sjølve ansvarleg for opplæringa i grunnskulen, og er vertskommune for vidaregåandeskule, folkehøgskule og høgskule. Dei mange skulane gjer at vi har ei ung befolkning, og skulane gjev mange arbeidsplassar. Opplæring og utdanning er difor viktig for kommunen, både som næring og som sosial og kulturell faktor.

Målet vårt er at Sogndal skal utvikle seg som skulestad og kompetansesenter i nasjonal og regional skala. I det ligg det at vi skal vere ein attraktiv vertskommune som tiltrekker oss både elevar, studentar og fagpersonell til å kunne tilby god undervisning, og at vår eigne skular skal vere utviklingsorienterte og ein ressurs i samfunnsutviklinga. Vi skal ha skuleleiarar som er opptekne av og har kunnskap om systematisk utviklingsarbeid. Til grunn for utviklinga ligg òg miljø- og berekraftsperspektivet.

Eit godt utdanningstilbod vil bidra til god tilgang på kompetent arbeidskraft for kommunane innanfor helse og omsorg, skule, barnehage m.v.

Vertskommune

I rolla som vertskommune er det viktig at vi er medvitne viktigheta av opplevelinga av studiestaden. Nokre av dei kvalitetane som gjer Sogndal attraktiv er nærleik til den flotte naturen som vert brukt både i undervising og på fritida. Vi har eit godt kulturtilbod der det er mange som bidreg. Sogndal har og fordelen med å ha eit sentrum der alt ligg i gangavstand. Vi skal ta vare på det som er bra, og utvikle det vidare slik at Sogndal vert eit levande og attraktivt sentrum. Ny utbygging skal vere gjennomtenkt både ved utsjånad og oppleveling og vere med å styrke dagens identitet samstundes som vi har nytenking. Vi ønskjer å ha eit mangfold innafor kultur- og fritidstilbod med håp om at alle finn seg til rette i samfunnet vårt.

Sogndal skal vere ein triveleg stad som har plass både for dei fastbuande og for dei som bur her berre under studietida si. Eit nøkkelord for å få det til er å fremme samhandling mellom studentar, elever og lokalsamfunnet. Det bør vi legge enno større vekt på.

Mange av elevane og studentane flytter til Sogndal under studietida, og som vertskommune skal vi legge til rette for gode bustadtihøve. Vi skal også vidareføre helsestasjonstilbodet til ungdom og unge vaksne.

Fosshaugane campus er eit viktig område for skulane. I dag er det prega av byggjeaktivitet, og alle partar i området har ansvar for å ferdigstille prosjekta. Det bør vere eit samarbeide om å ferdigstille uteområda til attraktive og hyggelege plassar å opphelde seg på. Dette gjeld også Kvåle stadion.

Fram mot 2020 veit vi at elevtalet i vidaregåande skule vil minke i vår region og for heile fylket. Dette kan føre til store utfordringar i høve innhald og kvalitet på tilboda til elevane. Med den reduksjonen kan det også bety strukturendringar for skulane i fylket. Det medførar til Sogndal i endå større grad må ha fokus på vertskommuneansvar, tilrettelegging av gode kvalitative tilbod retta mot ungdom.

Kompetanse

Alt i dag er det mykje kompetanse som er samla på Fosshaugane campus. I tillegg til skulane og idretten har m.a. Vestlandsforskning, Sogn næring, Distriktscenteret og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane sine kontor her. For å styrke kompetansen bør Fosshaugane campus i enno større grad vidareutvikle seg til ein møteplass for samverknad og kunnskapsutbytte mellom skule, forsking, næringsliv og samfunn enn det er i dag. I tillegg til ein samla møteplass bør vi vere pådrivar for å få ein god samordning av utdanningstilbod, kompetanse og arbeidskraftsbehov. Vi bør her sjå på behovet i heile regionen.

Alle skulane spelar ein viktig rolle i lokalsamfunnet og vi skal jobbe for å halde fram med å vere vertskommune for alle. Der vi kan, skal vi vere med å styrke dei ulike skuleslaga sine roller og vilkår i samfunnet.

Samarbeid

Samlokaliseringa på Fosshaugane Campus legg til rette for eit systematisk, praktisk og pedagogisk samarbeid mellom dei tre skuleslaga. Samarbeidet starta som ein del av kommunen sitt Stigfinnarprogram og bør no gå over ei eit meir permanent samarbeid om pedagogisk utviklingsarbeid. Samarbeidet bør òg omfatte praksisplassar og hospitering samt samarbeid med næringslivet.

Grunnskule

Mål for opplæringa i grunnskulen er at alle skal ha like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre. Elevane skal oppleve trivsel, likeverd og meistringsglede. Som eit grunnlag for utviklinga av grunnskulen vert det utarbeidd 4-årige strategiske skuleplanar vedtekne av kommunestyret. Fysisk aktivitet og sunt kosthald er eitt av satsingsområda i planen.

Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet byggjer på Sogn regionråd si skulesatsing "Sats på skulen – snu Sogn" med vekt på kompetanseheving, skuleeigarrolla og skulen si rolle i utviklinga av lokalsamfunnet. Som ei vidareføring av prosjektet bør det no ligge til rette for eit meir permanent regionalt samarbeid om pedagogisk utviklingsarbeid. Sogndal kommune bør som region- og skulesenter ha eit særskilt ansvar for å få til eit slikt samarbeid.

Sogndal som skulestad

Hovudmålsetjing: Sogndal skal utvikle seg som skulestad og kompetansesenter i nasjonal og regional skala.

Miljø

Miljø- og berekraftsperspektivet skal leggjast til grunn for utviklinga av Sogndal som skulestad

	Vertskommune	Kompetanse	Samarbeid	Grunnskule	Regionalt samarbeid
Delmål:	Vidareutvikle Sogndal som "tettstad", leggje til rette for gode velferds- og butilbod og ha fokus på gjestfridom og trivsel	Styrke kompetansemiljøa i regionen, og fremje og synleggjere spiss-kompetansen. Gjere HSF til eit knutepunkt for utdanning	Vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen og dei ulike skolesлага	Grunnskulen i Sogndal skal vere utviklingsorientert og vere eit fyrtårn i samfunnsutviklinga	Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutviklinga i regionen

	Vertskommune	Kompetanse	Samarbeid	Grunnskule	Regionalt samarbeid
Strategi:	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utvikle Sogndal til eit levande og attraktivt sentrum ▪ Ha fokus på mangfold i kultur og fritidstilboda ▪ Leggje til rette for gode bustadtilhøve for elevar og studentar ▪ Vidareføre helsestasjonstilbodet til ungdom og unge vaksne ▪ Fremme samhandling mellom studenter, elever og lokalsamfunn ▪ Samarbeide om ferdigstillinga av Kvåle stadion og Fosshaugane campus 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vidareutvikle FC til ein møteplass for samverknad og kunnskapsutbytte mellom skule, forsking, næringsliv og samfunn ▪ Vere med å styrke dei ulike skulesлага sine roller og vilkår i samfunnet ▪ Bidra til god samordning av utdanningstilbod, kompetanse og arbeidskraftsbehov 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Formalisere og vidareutvikle det pedagogiske samarbeidet mellom ungdomsskulane, vidaregåande skule og HSF ▪ Samarbeide om og leggje til rette for praksisplassar og hospitering ▪ Etablere bindledd mellom utdannings- og forskingsinstitusjonar, offentleg verksemd og det lokale næringslivet 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Grunnskulen i Sogndal skal vere tufta på trivsel, likeverd, meistringsglede og tilpassa opplæring ▪ Opplæringa skal byggje på: <ul style="list-style-type: none"> - Sosiale og kulturelle kompetanse - Motivasjon for læring og læringsstrategiar - Elevmedverknad - Tilpassa opplæring - Samarbeid med heimen - Samarbeid med lokalsamfunnet ▪ Styrke eigen utviklingskompetanse og -kapasitet ▪ Utvikle og nytte eigen kompetanse på tvers av skulane i kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomføre Sogn regionråd si skulesatsing med vekt på fagnettverk, kompetanseheving, skuleigarolla, rekruttering, rådgjevartenesta og entrepenørskap ▪ Regionalt samarbeid med pedagogisk utviklingsarbeid

Natur, kultur og fritid

Innafor natur, kultur og fritid har vi som hovudmål at fjord, fjell, bre og friluftsområde, saman med eit levande og mangfaldig kulturliv, skal vere til glede og nytte for alle som oppheld seg i kommunen og regionen. Gleda og nytten skal vere uavhengig av alder, funksjon, evne, kjønn og etnisitet. Kvalitetane skal òg gje grunnlag for næring. Samtidig som vi skal bruke dei kvalitetane vi har, betyr det og at vi skal gjere det på ein skånsam måte. Vi meiner at forvaltninga skal vere berekraftig slik at dei vert teke vare på for framtidige generasjoner

Natur

Sogndal kommune er prega av ein flott og variert natur, og den skal vi ta vare på. Forvaltninga skal vere innafor naturen si tolegrense og samsvare med "føre-var" prinsippet. Vi skal ta omsyn til det biologiske mangfaldet ved planlegging slik at viktige område ikkje vert bygd ned eller øydelagd. Vi skal og ta vare på det naturlege landskapsbilete i Sogndal og skjerme sårbare område mot tap av biologisk mangfald og andre miljøverdiar.

Landbruksområda har gjennom åra endra seg i samsvar med endra drift og bruk. Deler av kulturlandskapen er iferd med å gro att. Drift er den beste måten å hindre attgroinga. Vi kan vurdere om det er nokre område som er særskilt viktige å restaurere og ta vare på.

Jakt og fiske er viktig både som potensial for næringsverksemder og som fritidsaktivitet. Hjortebestanden er stor og gjev rom for auka uttak. Vi kan og medverke til betre tilrettelegging for småviltjakt og fritidsfiske.

Det å ta vare på naturen betyr og at vi skal halde naturen fri for bos og ureining. Bos skal primært leverast til SIMAS og vi skal motarbeide at det vert etablert oppsamlingsplassar rundt om i naturen. Det skal også vere særleg vekt på å hindre ureining av

vassdrag og fjordar. I dette ligg og at vi skal ta omsyn til plassering av bustadar. Til dømes har Barsnesfjorden ømfintleg økosystem som vi må ta omsyn til. Det er kome ny forskrift om rammer for vassforvaltning som skal ligge til grunn for utarbeiding av forvaltningsplan i samarbeid med andre kommunar. Vi må rekne med at denne skal følgjast opp med tiltak.

Kulturminne

Kulturminne kan fortelje mykje om fortida vår, og er ein del av vår identitet. Vi bør la komande generasjoner oppleve og tolke desse på sin måte.

Historisk har fjorden vore ein viktig ressurs og transportåre, og kystkulturen er såleis ein viktig del av kulturarven vår. Fjorden har og vore åstad for store historiske hendingar. Døme på fjorden sin tyding er m.a. slaget ved Fimreite, i Fjærland har båttransporten av turistar vore ein sentral del av turismen dei siste 100 åra. Ved Kaupanger kai formidlar båtmuseet kunnskap om fjorden og det er ønskje om å styrke Amlabukti som ein port inn til verdsarvområdet. I Fjøra bind det gamle strandsitjarmiljøet saman fjord og land på ein flott måte. I dette området ligg også det nyoppbygde huset som er rekna som fødestaden til Gjest Baardsen. For å ta vare på særtrekket er det regulert til spesialområde bevaring. Vi bør bli flinkare til å informere og formidle kunnskap om både kystkulturen og strandsitjarmiljøet.

Riksantikvaren har freda området kring Kaupanger stavkyrkje og Kaupanger hovedgård. Føremålet med fredinga er kulturhistoriske så vel som sosiale og økonomiske samanhengar som har nedfelt seg som fysiske spor. Vi skal leggje til rette for god forvaltning av området og synleggjere verdien. I samband med planlegging og utarbeiding av kyrkjegard skal vi vere med å styrke kulturminna og

gjere kyrkjegarden til eit positivt element for området, både i landskapsbiletet og til rekreasjon.

Formidling av kunnskap og vitskap om lokal og regional historie skal vi fremje gjennom De Heibergske samlingar – Sogn folkemuseum og ved å vidareutvikle biblioteket sin samling av lokalhistoria.

Kulturtildob

Lag og organisasjoner utgjer eit variert og brett kulturtildob i kommunen, og vi skal leggje til rette for at dei kan halde fram med det viktige arbeidet dei gjer. Som supplement til dette har vi ungdomsbases i kommunal regi. Ungdomsbases gir ulike lågtersklettilbod innan kultur, sosial og fysisk aktivitet og er for og av ungdomar. Det er ungdomane sjølve som delar med seg av sin kompetanse og meistring. Ungdomsbases er eit godt likt tilbod og gjev ungdomane sjanse å vise at dei toler meistring. Med dette utgangspunktet skal vi jobba vidare med basen.

Vi skal samarbeide med kulturhuset og Meieriet for å få til eit variert kulturtildob for alle aldrar. Kulturhuset har eit brett spekter av arrangement med både lokal, regional og nasjonal framføring. Deira tilbod gjer at dei er eit regionalt kultursenter så vel som lokalt, noko vi ønsker å styrke. Meieriet er i utgangspunktet studentane si arena, men kan utviklast til ein større kulturmøteplass for alle. Samarbeidet mellom ungdomsbases og Meieriet er positivt og bør utviklast.

Kulturskulen i Sogn er eit interkommunalt samarbeid, og viktig for kulturtildobet i Sogndal kommune. I dag er det undervisning i musikk, men vi ønsker å auka tilboden med m.a. drama og bildande kunst.

Rundt om i kommunen har vi fleire kulturinstitusjonar, kulturmiljø og kulturminne som er viktige for kommunen, og vi skal arbeide for å synleggjere og informere om desse.

Idrett og friluftsliv

Vi skal vere blant dei fremste kommunane i landet på fysisk aktivitet og folkehelse. I utgangspunkt ønsker vi at innbyggjarane i Sogndal kommune skal vere aktive og sunne. For å inspirere til dette bør vi leggje til rette for dagleg mosjon. Vi skal leggje til rette for myke trafikkantar, slik at det vert enklare å gå eller sykle heller enn å ta bilen. Det betyr at vi skal byggje ut eit godt gang- og sykkelnett, særleg mellom heim og skule/ arbeid / fritidsaktivitetar.

I sentrum har vi visjonen om å binde saman fjord, elv og fjell med grøntområde og turmoglegheiter. Det å forsterke bruk av vegetasjon til fysiske, trygge og aktive miljø vil ha ein positiv effekt på folkehelsa og trivsel. I målsetjinga ligg òg ønsket om å orientere sentrum mot fjorden og gjere strandlinja tilgjengeleg for allmenta. Arbeidet for å fullføre fjordstien, med mindre friområde for rekreasjons langs denne, er eit viktig mål som skal ha høg prioritet. I sentrum skal alle kunne røre seg uhindra mellom ulike gjøremål, i det offentlege rom og på sentrumsnære turområde uansett funksjonsevne. Det betyr at vi må leggje stor vekt på universell utforming. Likeins skal dette vere gjeldande ved skuler og barnehagar i kommunen.

Generelt skal friområde, friluftsområde og grøne lunger i heile kommunen holdast ved like og innby til bruk og aktivitet. Aktivitet er viktig i alle aldrar, men det er spesielt viktig å leggje til rette for at barn og unge får utvikle seg og vere aktive. Det er difor særskilt viktig at nærmiljø og skuleområde innbyr til allsidig aktivitet. Det kan vere grøne område eller meir tilrettelagde areal for fysisk aktivitet. Der det er bygg og anlegg for fysisk aktivitet skal drift, vedlikehald og rehabilitering ha høg prioritet.

Vi skal ha eit samarbeid med lag, organisasjoner og institusjonar for å leggje til rette for aktivitetar på alle nivå innafor idretten.

Samarbeidet skal og vere slik at vi kan samordne drift og utbygging av anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Vi har ein natur som innbyr til friluftsliv, det gjeld både for oss som bur her og for vitjande. Det er viktig at vi synleggjer det friluftstilbodet vi har i kommunen, både for tradisjonelt friluftsliv og utvikle potensialet som ligg for nye former av friluftsliv.

Natur og kulturbasert aktivitet

Natur og kultur kan vere viktig grunnlag til ulike næringer og aktivitetar. Vi skal leggje til rette for nye produkt basert på natur, kultur og tradisjonar.

Vi ser at det kan vere interesse å nytte naturressursar til lokal energiproduksjon. I arealplanar skal vi leggje til rette for framtidig produksjon og bruk av t.d. fjordvarme, biobrensel og vasskraft der dei ikkje kjem i konflikt med andre interesser.

Vi bør sikre jordressursar i kommunen, og vurdere kva areal som er særskilt viktige å ta vare på.

Sidan fjellsportfestivalen vart skipa i 2008 har festivalen vore ein god formidlar av kunnskap om trygg ferdsel i bratt lende og marknadsførar av regionen. Dei formidlar både natur, kultur og tradisjon på ein positiv måte og vi bør vere med å utvikle fjellsportfestivalen til ein knutepunktfestival, dvs at den skal vere ledande festival innan sitt område i Noreg.

Det er fleir som vel å bruke båten til feriestad, og vi skal vidareutvikle gjestehamnar i Sogndal sentrum, Amlabukti og Mundal for å gje denne gruppa eit betre tilbod. Vi skal også bidra til å utvikle tilbod og tenester innafor vinterturismen.

Natur, kultur og fritid

Hovudmålsetjing:	I Sogndal skal fjord, fjell, bre og friluftsområde – saman med eit levande og mangfaldig kulturliv – vere til glede og nytte for alle som oppheld seg i kommunen og regionen, samtidig som desse kvalitetane skal gje grunnlag for næringsaktivitet				
	Miljø Forvaltning av natur, kulturlandskap og kulturminne skal vere berekraftig, slik at naturkvalitetane vert teke vare på for framtidige generasjonar				
Delmål:	Natur Ta vare på naturkvalitetane og forvalte ressursane innanfor naturen si tolegrense og i samsvar med "føre-var" prinsippet	Kulturminne Utvikle og profilere kulturinstitusjonar, og gjere kulturminne tradisjonar og gjere kulturlandskap tilgjengleg	Kulturtilbod Vi skal ha eit bredt kulturtilbod med lokalt og regionalt perspektiv	Idrett og friluftsliv Vi skal leggje til rette for eit allsidig, helsefremjande tilbod for alle innbyggjarane	Natur og kulturbasert aktivitet Auka næringsaktiveten gjennom produktutvikling, mangesysleri og samarbeid i regionen
Strategi:	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ta omsyn til og ta vare på det biologiske mangfaldet i ressurs- og arealforvaltninga ▪ Ta vare på det naturlege landskapsbilde i Sogndal og skjerme sårbare område mot tap av biologisk mangfald og andre miljøverdiar ▪ Restaurere og bevare kulturlandskapet ▪ Halde naturen fri for bos og hindre etablering av oppsamlingsplassar ▪ Hindre ureining av vassdrag og fjordar 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Formidle kunnskap om kystkultur og strandsitjarmiljøet i sentrum ▪ Utvikle biblioteket som formidlar av kunnskap om lokalhistorie ▪ Leggje til rette for god forvaltning av Kaupanger stavkyrkje og området rundt, og synleggjere verdien av dette området ▪ Registrere kulturminna i kommunen ▪ Fremje regionen sin natur, kultur og historie gjennom De Heibergske samlingar – Sogn folkemuseum 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ vi skal leggje til rette for at lag og organisasjonar framleis kan utgjere eit variert og brett kulturtilbod ▪ vi skal arbeide for at Kulturhuset skal vere eit regionalt så vel som lokalt kultursenter ▪ vi skal stimulere til auka bruk av Meieriet og deira kulturtilbod ▪ arbeide for å synleggjere og informere om eksisterande kulturinstitusjonar, kulturmiljø og kulturminnar ▪ Fortsetje å synleggjere ungdomskulturen gjennom ungdomsbasen ▪ arbeide for at innvandrarkultur vert ein integrert del av den lokale kulturen ▪ utvide tilbodet og stimulere til auka bruk av biblioteket ▪ arbeide aktivt for å oppretthalde og vidareutvikle det regionale kulturskuletilbodet 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vi skal i Sogndal sentrum binde saman fjord, elv og fjell med grøntområde og turmoglegheiter ▪ Vi skal fullføre fjordstien fra Nes til Nes og leggje til rette for mindre frimoråde for rekreasjon langs denne ▪ Det skal leggjast særleg vekt på universell utforming i sentrum og ved skulane ▪ Vi skal leggje til rette for myjuke trafikkantar ▪ Nærmiljø og skuleområde skal invitere til allsidig aktivitet ▪ Frimoråde, friluftsområde og grøne lunder skal haldast vedlike og invitere til spontan bruk og aktivitet ▪ samarbeide med lag, organisasjonar og institusjonar for å leggje til rette for idrett på høg nivå ▪ samordne drift og utbygging av anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet ▪ synleggjere friluftstilbodet 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Leggje til rette for nye produkt basert på natur, kultur og tradisjon ▪ Vidareutvikle gjestehamn for båtturistar i Sogndal sentrum, Amlabukti og Mundal ▪ Bidra til å utvikle tilbod og tenester innanfor vintereturismen ▪ Utvikle fjellsportfestivalen til ein knutepunktfestival ▪ Leggje til rette for auka lokal energiproduksjon ▪ Sikre jordressursar for matproduksjon

Gode bu- og oppvekstvilkår

Vi ønskjer at Sogndal kommune skal vere ein god stad å bu, leve og vekse opp i. Vi skal vere eit inkluderande samfunn som har tilrettelagde bu-, arbeids- og aktivitetstilbod for alle innbyggjarane våre. Dette skal vere uavhengig av alder, funksjon, evne, kjønn og etnisitet. Miljømessig skal vi leggje vekt på livskvalitet og trivsel i utviklinga av eit trygt og berekraftig lokalsamfunn. I omgrepet trygt og berekraftig ligg òg at vi skal ta omsyn naturrisiko og klimatilpassing ved all utbygging.

Barnehage

Vi har full barnehagedekning for alle som har krav på barnehageplass. Vi arbeider for å kunne tilby alle som ønskjer det barnehageplass. Barnehagetilbodet vil framleis vere ei blanding av kommunale og private barnehagar.

For å styrke fagkompetansen vil vi auke samarbeidet med dei ulike fagmiljøa i regionen m.a. innafor satsinga til regionrådet. Gjennom god samhandling mellom barnehage og skule, kulturskule og med institusjonar i nærmiljøet vil vi styrke kompetanse, kvalitet og aktivitet i barnehagen.

I barnehagen skal vi fremje likestilling, toleranse og skape forståing for ulike verdi- og kulturgrunnlag. Vi skal og fremje god fysisk og psykisk helse. Ein strategi som styrker dette er å vere ute i naturen. Vi skal difor la barna få oppleve glede ved å ferdast i naturen og gje dei innsikt i natur, miljø og samspel i naturen.

Helse / sosial / omsorg

Framskrivninga tilseier at vi om femten- tjue år vil ha stor vekst i tal eldre medan den yrkesaktive gruppa vil bli relativt sett mindre. Vi må planleggje utbygging av pleie- og omsorgstenestene og rehabiliteringstenester for å møte denne utviklinga.

Med bakgrunn i samhandlingsreforma har vi starta eit planleggingsarbeid knytt til helse- og omsorgstenestene i kommunen, slik at vi sjølv kan levere tenester som førstelinjeteneseta skal ta over frå spesialisthelsetenesta. Ved utbygginga skal vi planleggje kapasitet og innhald for eit lokalmedisinsk senter. Vi ser og at vi har behov å byggje ut sosial bustadbygging i åra som kjem.

Vi skal ha eit godt utbygd tenestetilbod dersom innbyggjarar treng rehabilitering, opptrenings, hjelp og pleie, men vi ønskjer i sterkare grad å leggja vekt på å førebyggja behovet for offentlege helsetenester. Innbyggjarane har det betre om dei ikkje vert sjuke og treng hjelp frå det offentlege. Vi vil styrke medverknaden i helse-, sosial- og omsorgstilbodet som grunnlag for auka ansvar for eige helse.

Arbeid

Målet er at det i kommunen skal vere tilbod om arbeidsplassar for alle grupper av arbeidssökjande. Med bakgrunn i det har vi som målsetjing at flest mogleg verksemder i kommunen skal verte IA-verksemder. Både sjølv og andre bør vere medvitne på kva pliktar og rettar vi har som IA-verksemder. Vi skal gå føre med godt døme og m.a. utvikle ein strategi for kjøp og sal av tilrettelagde plassar. I dette ligg det at vi skal utvikle arbeidstilbod innafor eigne tenester som del av kvalifisering til anna ordinært arbeid. Dette gjeld både innvandrarar og andre som har vanskar med å kome inn på den ordinære arbeidsmarknaden.

Frivillig sektor

"Det gode liv" i eit lokalsamfunn vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane. Dette er òg ein av elementa i visjonen vår, og vi har mange gode døme på slikt samarbeid. Kommunen må syte for at dette mangfaldet vert oppretthalde og vere opne for nye former for samhandling mellom offentleg og

frivillig sektor. Gjennom dialog må vi avklare roller og ansvar, forventingar og moglegheiter mellom kommunen og dei som ønskjer å vere frivillige. For å sikre gode prosessar og heilskapstenking vil vi utarbeide ein strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor.

Bustadar og bummiljø

Målet vårt er å ha eit mangfaldig bustadtibod med trygge nærmiljø. For å nå målet med trygge nærmiljø skal alle bustadområde ha tilgjenge til uteareal for sosiale- og fysiske aktivitetar. Det er då særleg viktig med grøntområde og leikeområde til barna, men nærområde er også viktige for eldre sin psykiske og fysiske helse. Ofte kan det å samle ulike aldrar vere positivt. Vi skal samarbeide

med grendalag for å sikre leikeplassar og friområde. Vi skal og ha fokus på støy og trafikktrygging i bustadområde. I forhold til varierte bustadtibod skal også grupper med særskilte behov ha mogelegeheta til å kunne velje mellom ulike typer bustadtibod.

Vi skal arbeide for mangfaldige bummiljø, med omsyn til etnisk bakgrunn, sosial og aldersspreiing. For å gjere bustadar tilgjengeleg for alle skal vi sikre universell utforming i nye buområde og bustadareal. Vi har også grupper med særskilte behov som vi skal gje eit variert butilbod til.

Gode bu- og oppvekstvilkår

Hovudmålsetjing: I Sogndal skal det vere godt å bu, leve og vekse opp, med tilrettelagde bu, arbeids- og aktivitetstilbod for alle innbyggjarane

Miljø

Vi skal legge vekt på livskvalitet og trivsel i utviklinga av eit trygt og berekraftig lokalsamfunn

	Barnehage	Helse/sosial/omsorg	Arbeid	Frivillig sektor	Bustader og bumiljø
Delmål:	Barnehage skal gje tilpassa og likeverdige pedagogisk tilbod til alle	Vi skal fremje folkehelsa og leggje tilhøva til rette for eit verdig liv for alle uavhengig av funksjonsevne	I kommunen skal det vere tilbod om arbeidsplassar for alle grupper av arbeidssøkjande.	Vi skal legge til rette for gjensidig forståing og kommunikasjon mellom kommunen og frivillig sektor	Leggje til rette for eit mangfaldig bustadtilbod med trygge nærmiljø

	Barnehage	Helse/sosial/omsorg	Arbeid	Frivillig sektor	Bustader og bumiljø
Strategi:	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Fremje likestilling, toleranse og skape forståing for ulike verdi- og kulturgrunnlag ▪ Arbeide for å kunne gje tilbod til alle som ønskjer barnehageplass ▪ Arbeide for fleksible opningstider i barnehage ▪ Ha god samhandling mellom skule og barnehage, kulturskule og med institusjonar i nærmiljøet ▪ Styrke fagkompetansen gjennom samarbeid med ulike fagmiljø i regionen ▪ Fremje god fysisk og psykisk helse ▪ Oppleve glede ved å ferdast i naturen og få innsikt i natur, miljø og samspel i naturen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Styrke medverknaden i tilbodet som grunnlag for auka ansvar for eige helse ▪ Alle med fagleg definerte behov skal få nødvendig hjelp ▪ Arbeide for å fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte og førebyggje sosiale problem ▪ God samhandling mellom oss og brukarorganisasjonane og frivillige/nærmiljøet ▪ God kvalitet i tildeling av tenester ▪ Arbeide for kulturelle og sosial tilbod som stimulerer til aktivitet, meistring og eigeansvar til eldre og funksjonshemma 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utvikle kommunal strategi for kjøp og sal av tilrettelagde plassar ▪ Tettare interkommunalt samarbeid om introduksjonsprogrammet ▪ Vi skal ha som målsetjing at flest mogleg verksemder i kommunen skal verte IA-verksemder ▪ Å vere medvitne på pliktar og rettar som IA-verksemrd ▪ Lage plan for rekruttering til eige verksemrd ▪ Vi skal arbeide for å få til eit fleir brukshus 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utarbeide ein strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor – med vekt på <ul style="list-style-type: none"> • rammevilkår og partnerskapsavtalar • å ta vare på kulturelt mangfold • integrering av minoritetsggrupper og styrking av fellesskapet • å legge til rette for møteplassar for uorganisert aktivitet og kulturutveksling • utvikle Lokalsamfunn med Mot konseptet Vidareutvikle frivilligsentralen som ein sentral møteplass for frivillig arbeid i kommunen. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Alle bustadområde skal ha tilgjenge til uteareal for sosiale- og fysiske aktivitetar, særleg viktig er barns leikeområde og grøntareal ▪ Sikre universell utforming i nye buområde ▪ Ha fokus på støy og trafikktrygging i bustadområde ▪ Arbeide for mangfaldige bumiljø, med omsyn til etnisk bakgrunn, sosial og aldersspreiing ▪ Arbeide for varierte butilbod til grupper med særskilte behov



DEL III: AREALFORVALTNING

Forholdet til kommuneplanen - arealplan

Kommuneplanen består av samfunnssdelen, arealdelen og ein handlingsdel. Vi har valt å dele dei opp i to planar og bruke økonomiplanen som handlingsdel. Det skal vere ei tydeleg samanheng mellom dei tre dokumenta. Samfunndelen, inkl. dei demografiske endringane, dannar grunnlag for arealdelen. Det er arealplanen sitt kart og tilhøyrande føresegner som er juridisk bindande.

Samfunnssikkerheit

Arealplanen skal m.a. vise hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, og kva viktige omsyn som blir ivaretakne ved disponering areala. I dette arbeidet er det særstakt viktig å ha oversikt over risiko- og sårbarhets forhold. Område for fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i arealplanen som omsynsssonar.

Vi skal ved omdisponering av nye utbyggingsareal alltid lage ROS-analysar som vurderar kor eigna arealet er til tenkte føremål, kva samfunnsfarar som det kan vere risiko for og eventuelt om det er spesielle omsyn som må takast for å ivareta sikkerheita. ROS-analysane skal inkludere venta klimahendingar.

Universell utforming

Universell utforming er noko som ny plan og bygningslov legg vekt på. Vi bør i revisjon av arealdelen vurdere retningslinjer for universell utforming. I desse føringane bør vi vurdere om det er avgrensa område som skal ha høgare grad av universell utforming, t.d. har vi i samfunnssdelen sagt at universell utforming skal ha høgare prioritet i sentrumskjernen og ved skule og barnehage. Vi bør og vurdere retningslinjer e.l. for dispensasjonar knytt til universell utforming.

Bustadar og bumiljø

Samfunnssdelen legg opp til at Sogndal skal vere eit regionsenter og at sentrumskjernen skal vere tett og kompakt med korte avstandar.

Vi skal binde saman sentrum frå fjord – Fjøra – Sogningen og Fosshaugane campus, og planleggje for eit mangfald av servicetilbod, aktivitetar og møteplassar. Vidare skal vi vurdere bruk av sentrumsnære eigedomar som t.d. billagstomten. Areal- og transportplanlegging er eit stikkord. Arealdelen må gjenspegle dette i både kart og føresegner. I føresegner bør mellom anna arealutnytting i sentrum vera høgare enn i dagens plan og vi bør sjå igjennom føresegner og retningslinjer om fortetting, tilpassing, grøntområde og leikeplassar. Vi må vurdere om dei må gjerast tydlegare eller endrast i samsvar med det samfunnssdelen legg opp til.

I forhold til utbygging peiker samfunnssdelen på behov for utviding av Sos og sosial bustadbygging. Arealdelen bør og vurdere samfunnssnytten ved at eldre kan bu heime lengre i forhold til kor vi plasserer bustadar. Anna utbygging som kan vere aktuell er utbygging av barnehage.

Samfunnssdelen legg vekt på variasjon i butilbod for alle, også til grupper med særskilte behov. Vi skal og arbeide for mangfaldige bumiljø med omsyn til etnisk bakgrunn, sosial og aldersspreiing.

Vi vil leggje til rette for mjuke trafikkantar og ha eit godt gang- og sykkelveg nett. Grøntområde og uteareal er andre stikkord som skal kome fram. Samfunnssdelen framhever særleg tanken med å binde saman fjord, elv og fjell i Sogndal sentrum. Vi skal og ha fokus på støy, trafikktrygging og universell utforming ved utbygging.

Utanfor sentrum skal det leggjast til rette for bustadbygging i Kaupanger, Norane og Fjærland. Spreidd utbygging kan skje på område avsett til LNF II. Plassering av LNF II- område og tal bueiningar bør vi sjå nærmare på i revisjonen. Ved utbygging skal vi ta omsyn til eksisterande infrastruktur og miljøaspekt.

Næringsutvikling og infrastrukturar

Det største næringsarealet i kommunen er industrifeltet på Kaupanger. I samfunndelen heiter det at vi skal vidareutvikle dette.

I forhold til utbygging skal utbyggingsmønsteret vere tilstrekkeleg konsentrerte slik at dei sikrar god arealutnytting og byggjer opp under eksisterande infrastruktur.

Vi har omtala vegstrekninga frå Sogndal til Kaupanger spesielt og sagt at vi skal legge til rette for ein sikker, miljøforsvarleg og effektiv veg med ny Loftesnesbru og langsiktig tenking om Gravensteinsgata.

Med omsyn til framtidig utbygging bør vi i arealdelen sjå på førekomstar av byggeråstoff (pukk, grus og sand), og vurdere drift/ framtidig forvaltning av desse i forhold til landskap og konfliktar til andre interesser.

I Sogndal sentrum har vi ei målsetjing om at alle allment tilgjengelege parkeringsplassar skal inngå i den avgiftsbaserte parkeringsordninga. Kommunestyret har i møte 29.4.2010 sak 7/10 vedteke strategi for vidare arbeid med parkeringsordninga.

Hytter og stølar

Vi skal vidareutvikle Sogndalsdalen for hyttebygging og senter for vintersport. Utbyggingsmønsteret ska oppretthalde dei kvalitetane som dalen har i dag, og utgangspunktet er den landskapsanalysen som vert laga til førre revisjon av arealplanen.

I forhold til stølar og hytter generelt bør vi sjå igjennom retningslinjer til desse m.a. med omsyn til forskjellen mellom hytte, støl og frådeling.

Landbruksområde

Dei siste åra har sentrale styresmakter sett sterkt fokus på avgang av dyrka jord til andre føremål enn matproduksjon. Målet er ein sterk reduksjon av nedbygginga av dyrka jord. Det inneber at ved omdisponering av dyrka jord må vi krevje høg utnytting av arealet. Vi må og i størst mogleg grad unngå nedbygging av den mest verdifulle jorda.

I etterkant av sist revisjon av arealplanen er det laga ein landbruksplan. Denne omtalar mellom anna ein jordbank. Arealplanen må markere plassering av jordbanken. Vedtekne retningslinjer om jordbank skal innarbeidast som ein del av kapitel om utfyllande føresegner og retningslinjer.

Landbruksplanen tek og opp strukturendringar i landbruket og deling av landbrukseigedomar med sal av jordviddene som tilleggsgjord. Ved revisjon av arealplan bør det lagast reglar for slik deling og sal.

Retningslinjene for bygging av bustadhus nr. 3 på gardsbruk må og reviderast. Vilkåra for bygging av bustadhus nr 3 må gjerast meir presise.

Klima og energi

Det er laga ein klima- og energiplan, og det er sagt at denne skal implementerast i kommuneplan. Samfunnsdelen har teke inn aktuelle strategiar. Arealdelen skal implementere det som går på areal og føresegner. Stikkord er:

- Stille krav i arealplanlegginga for å redusere klimagassutslepp
 - o Planprogram, rekkjefølgjekrav, utbyggingsavtalar
- Klimavenleg bustadbygging
- Krav om tilknyting fjernvarmenett - dette er eit krav som vi ønskjer skal tre i kraft alt før neste revisjon og vi handsamar den som ein mindre endring i samband med samfunnsdelen.

- Krevje klimavenleg energikjelde og vassboren varme i nye bygg
- Leggje til rette for framtidig produksjon og bruk av t.d. fjordvarme, biobrensel og vasskraft
- Utbygging vs transport og mjuke trafikkantar
- Klimatilpassing

Anna

I samband med revisjon av arealplan bør vi vurdere eldre reguleringsplanar med tanke på om nokre bør opphevast eller endrast.



DEL IV: PLANSTRATEGI

Planstrategi

I medhald av ny plan- og bygningslov skal kommunestyret i løpet av første år etter konstituering lage ein planstrategi som avklarar kva planar vi skal jobbe med i løpet av valperioden og innhald på revisjon/ rullering.

Planstrategien skal ha ein statusrapport, og vi bør vurdere kva planer som bør utgå, bli erstatta av annan eller ny plan eller bli innarbeid i anna eksisterande plan.

Oversikt over reguleringsplanar vert vist i arealdelen, og er ikkje omtala i planstrategien. Områdesplanar og reguleringsplanar som kommunen har planar om å utarbeide i planperioden, bør derimot omtalast i planstrategien.

Med omsyn til avgrensa ressursar til å drive planlegging, er det viktig å etablere eit plansystem som kan haldast vedlike med dei ressursane kommunen rår over. Skal planarbeid forsvare ressursbruken må planane haldast oppdatert og nyttast aktivt.

For at kommunen sitt plansystem skal vere eit godt styringsverktøy, er det forutsett at planer på ulik nivå står i eit gjensidig forhold til kvarandre. Styringssignal frå kommuneplanen sin samfunnssdel skal bli brukt aktivt i planlegginga elles i kommunen og vere retningsgjevande for planar som vert utarbeidd på lågare nivå.

Prioritering mellom planlagde aktivitetar skjer gjennom økonomiplanen.

Vedtekne planar skal vere tilgjengelege på heimesida til kommunen i ei samla oversikt og i eit allment tilgjengeleg format. Heimesida skal til ein kvar tid vere oppdatert.

Planar er viktige dokument for å kommunisere målsetjingar og prioriteringar inn i kommuneorganisasjonen og ut til lokalsamfunnet

og andre aktørar. Planar kan vere viktig for lik handsaming i saker, og bør følgjast på både politisk og administrativ nivå.

Private reguleringsplanar vert handsama og vurdert på lik linje med kommunen sine eigne planar, jf plan og bygningslova § 12-3.

Vi skal ha ei aktiv haldning til brukarmedverknad i planprosessen.

Status og behov for planar

1. Overordnaplanar

Den viktigaste overordna planen er i kommuneplanen. I Sogndal kommune har vi valt å dele opp den i tre:

1. Kommuneplanen sin samfunnssdel vert revidert no og nytt kommunestyre må vurdere trong for revisjon. Dette vert gjort kvar fjerde år i samband med planstrategi.
2. Kommuneplanen sin arealdel skal følgje styringssignal frå samfunnssdelen, i denne omgang jamfør del III. Arealdelen bør oppdaterast etter ny plan- og bygningslov.

Arealplanen har per i dag følgjande grunnlagsdokument:

- kartlegging av biologisk mangfold i Sogndal kommune
- strandsone- og sjøarealanalyse
- landskapsanalyse Sogndalsdalen
- stadanalyse Amlabukti
- ny kyrkjegard på Kaupanger
- småkraftverk i Fjærland

Behov for grunnlagsdokument må vurderast i forkant av revisjon. Til neste revisjon kan det m.a. vere aktuelt å vurder oppdatering av kartlegging av biologisk mangfold, vurdere skogsvegar og skog som energi i skogsbruksplan og plan for kulturminne.

3. Økonomiplan vert rullert årleg og fungerar som handlingsprogram til kommuneplanen.

Klima- og energiplanen vart vedteken i april 2009. Tema som klimagassutslepp, avfall og energi er omtala i denne. Planen skal implementerast i kommuneplanane, og temaet bør bli oppdatert i samband med kvar revisjon av kommuneplanen.

2. Beredskapsplanar

Det er viktig at beredskapsplanane er ajourførte. ROS- analysar skal ligge til grunn for m.a. *plan for helsemessig og sosial beredskap* som det er trong for å få revidert. *Plan for krisehandtering* er revidert i 2009, men endeleg vedtak er tenkt i samband med ROS- analyser.

Det er utarbeidd ein pandemiplan. I samband med svineinfluensaen er det gjort erfaringar som bør implementerast i planen.

Pandemiplan og smittevernplan bør slåast saman til ein plan.

3. Barnehage/ skule

Barnehage har to planar, strategiplan og kompetanseplan, som vert revidert kvart fjerde år. Dei fleste utfordringar i drift og innhald vert teke omsyn i desse planar.

Skulane har i likskap med barnehagen ein strategiplan og kompetanseplan. I tillegg er vi i ferd med å revidere plan for entrepenørskap i skulene og det er starta opp arbeidet med ein plan for SFO. Vi meiner at utfordringane vert dekt i desse planane.

4. Helse og sosial

Vi arbeider aktivt med samhandlingsreforma, og for å imøtekome problemstillingane her vert m.a. plan for førebyggjande helsearbeid no utarbeidd. Andre utfordringar, som t.d. å imøtekome auka tal eldre, vert teke omsyn til i eksisterande og revisjon av eksisterande planar.

5. Integrering av flyktingar

Med utgangspunkt i at vi skal vere eit inkluderande samfunn ser vi at vi har behov for strategiar til å hjelpe nokre grupper. I forhold til flyktingar har vi behov for strategiar for busetjing og integrering.

6. Kommunalteknikk

Viktige område innafor kommunalteknikk har planar med jamleg revisjon. Ei utfordring som eksisterande planar ikkje dekkjer er parkering. Her bør det utarbeidast ei parkeringsforskrift. Ved utarbeiding av forskrift i forkant av revisjon av arealplan, kan denne implementere ev. relevante føresegner og retningslinjer.

7. Kultur

I dag har vi årleg rullering av kommuneplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse, og revisjon av planen kvart fjerde år. Tidspunkt for revisjonen bør vurderast i forhold til fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.

Vi har i dag ikkje nokon plan for kulturminne. Innsamlingsarbeid er starta opp, men ikkje følgjt opp. Ein plan for kulturminne vil ha relevans for arealplanen og bør utarbeidast i forkant av neste revisjon.

8. Nærings

Innafor næring er det fleire planar der handlingsplanen har utgått, men faktadelen er relevant i samband med sakshandsaming. Vi ser ikkje at det er naudsynt å revidere planane. Mindre endringar kan eventuelt vurderast i samband med arealplanen.

9. Plan

Dei fleste reguleringsplanar dei siste åra har vore private, og det er få kommunale reguleringsplanar. I 2010 er det fire planar som vi skal starte opp. Det vil i planperioden vera trond for å starte opp med områdeplan/ reguleringsplan for arealet der eksisterande trafostasjon på Ylvisåker er i dag. Dette for å klargjere kva område

skal nyttast til i framtida. I framtida vil det vere naudsynt at kommunen lagar fleir områdesplanar. Per dags dato er det ikkje definert avgrensingar.

I medhald av forskrift om vassforvaltning vil Sogndal kommune verte ein del av eit vassområde. Vassområda skal utarbeide forvaltningsplanar, og vi må rekne med å stille administrative ressursar tilråde.

I planprosessen har vi hatt eit by- og tettstadforum, Botsfor, der Sogndal sentrum vart diskutert. Formannskapet og kommunestyret har handsama oppfølging av forumet, og det er teke kontakt med Statens vegvesen for oppfølging i konkrete tiltak.

I tillegg til sjølve sentrumskjerna er det fleire bustadområde på Leitesida frå Åbergevegen til Nes som ikkje er regulert anna enn i arealplan.

Planstrategi 2010-2022					
Strategiområde	Plannamn	Planperiode	Planstatus	Rullering/revisjon	Merknad/ ROS-vurderinger
Overordnaplanar:					
	Kommuneplanen sin samfunnsdel	2010-2022	Høyring	kvart 4. år	Vedtak 2010
	Kommuneplanen sin arealdel	2008-2018	Vedteken 12.6.2008	kvart 4. år	
	Kommunedelplan for Sogndal sentrum		Vedteken 17.11.1994		Vert etter kvart erstatta av reguleringsplanar
	Økonomiplan	2010-2013	Vedteken 10.12.2009	Årleg med 4- års perspektiv	<p>ROS analyse skal omfatta:</p> <ul style="list-style-type: none"> - organisering av økonomiarbeidet/ressursar til kritiske funksjonar/ kompetanse - rutinar for at relevante data ligg føre i budsjettarbeidet - fokus på gjeldstygngde/anna økonomisk ansvar knytt til inntekststraum-rentevurderingar/likviditet <p>ROS vurderingane vert gjort som del av skildring av hovudtal drift og kapital jf. kap. 4 i budsjettet kopla til hovudoversyn i vedlegga</p>
	Klima- og energiplan for Sogndal kommune	2010-2015	Vedteken 23.4.2009	kvart 4. år	I samband med kommuneplan Sognekraft har ansvaret for sikring av elektrisk energi til kommunen
Beredskapsplanar:					
	Katastrofeplan for Sogndal kommune 2005		Rullering vedteke 2008	ajourført jamleg knytt til dei	ROS analyse 2009

			einskilde objekt	
Plan for krisehandtering i Sogndal kommune		Revidert 2009 vedtak saman med ROS-analyse	kvart 4. år med jamleg ajourføring	ROS vurderinger må gjerast ved fornying/revisjon
Plan for helsemessig og sosial beredskap		Sist endra 20.8.2007	ajourført jamleg	ROS vurderinger knytt til plan for pleie- og omsorgsteneste og for psykisk helsearbeid ligg i planen. Desse må fornyast ved revisjon. Planen har viktig kopling til ROS i andre planar
Smittevernplan			ajourført jamleg	Fagleg ansvar til smittevernlege
Pandemiplan			ajourført jamleg	Fagleg ansvar til smittevernlege

Barnehage/ skule:					
	Entreprenørskap i skulen	2004-2008	revisjon starta opp i 2009		Vedtak 2010
	Kompetanseplan for grunnskolen	2005-2008 med tillegg pr 2009	Vedteken 14.5.2009	Rulling kvart år	
	Strategisk plan for utvikling av grunnskulen i Sogndal	2010-2013	Vedteken 10.12.2009	kvart 4. år	
	Plan for SFO	2010-2013	ny plan		Oppstart 2010
	Kommunal strategi for innhald og oppgåver i barnehagen	2007-2010		kvart 4. år	Oppstart 2010
	Kompetanseplan for barnehagane	2011-2014		kvart 4. år	Oppstart 2010

Helse og sosial:					
	Bustadsosial handlingsplan	2006-2010	Vedteken 28.4.2006		Oppstart 2010
	Plan for rehabilitering og rehabilitering		Vedteken 18.4.2008		
	Plan for pleie og omsorgsteneste til eldre	2008-2011	Vedteken 18.4.2008		Oppstart 2011

	Plan for psykisk helsearbeid	2007-2010	Vedteken 8.2.2007	kvart 4. år	Oppstart 2011
	Ruspolitiske handlingsplan	2009-2012	Vedteken 11.6.2009	kvart 4. år	Oppstart 2012
	Plan for førebyggande helsearbeid		ny plan		Oppstart 2010
Integrering av flyktninger:					
	Strategiplan for busetning og integrering av flyktninger		ny plan		
Kommunalteknikk:					
	Hovudplan for trafikktrygging	2009-2012	Vedteken 12.6.2008	kvart 4. år	
	Hovudplan for avløp	2009-2018	Vedteken 11.12.2008	kvart 4. år	Etterkant av arealplan
	Hovudplan for vassforsyning	2009-2018	Vedteken 11.12.2008	kvart 4. år	Etterkant av arealplan
	Parkeringsføresegner		Føresegner i arealplan		Del av arealplan
Kultur:					
	Kommunalplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse	2009-2012	Vedteken 11.12.2008	årleg rullering, revisjon kvart 4. år	
	Kulturminnekartlegging		ny kartlegging		Forkant av arealplan
Næring:					
	Fisketiltaksplan for innlandsfiske		Utgått, faktadel er relevant i sakshandsaming		
	Landbruksplan	2009-2012	Vedteken 12.2.2009	Kvart 4. år	
	Plan for hjorteforvaltninga i Sogndal	2006-2010	Vedteken 14.12.2006	Kvart 4. år	Oppstart 2010

	Skogbruksplan for Sogndal kommune		Utgått, faktadel er relevant i sakshandsaming		
	Strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og til skogplanlegging med miljøregistreringar		utgått, inngår i landbruksplanen		

Plan:					
Arealplanlegging/arealbruk generelt				Generell fornying	Dei generelle ROS analysar i hovudsak frå 2000 må fornyast, det må etablerast rutinar for registrering og analyse av tilfeldige hendingar
Reguleringsplanar					ROS krav følgjer av lovverket og skal gjennomførast ved kvar rulling/ny plan
Kommunale reguleringsplanar:	Leitevgen Nord				Oppstart 2010
	Kyrkjegard på Kaupanger				Oppstart 2010
	Plassen -Trudvang				Oppstart 2010
	Reguleringsplan standsona i Sogndal sentrum		Vedteken 10.6.2010		FM handsamar klager
	Oppfølging av Botsfor-konferansen				Teke kontakt med Statens vegvesen
Andre planar:	Plan for oppfølging og utbygging av gangvegar/-stiar og grøntkorridorar i Sogndal sentrum Forvaltningsplan for vassdrag		Vedteken 10.6.2010		Samarbeid med andre kommunar, oppstart ukjent